

Lag ein enkel elektromotor

Du treng


- 1,5 m av ein tynn, massiv koparledning som er isolert eller lakkert, leidningen må ha litt hald for at pinnane ut til sida kan halde spolen i posisjon og ikkje bøye seg
- Ein neodym magnet
- Eit C-batteri
- Eit AA-batteri (treng ikkje å verke)
- Teip
- To bindersar

Framgangsmåte

Snurr kopartråden ca. 5 gonger rundt AA-batteriet. Prøv om du kan få ein så symmetrisk og fin spole som mogleg. La 5 cm av kopartråden stikke rett ut i begge endar. Ta ein omgang rundt spolen på begge sider så du får ein fin, samla kveil. Sjå illustrasjon. Ta av isolasjonen på dei to pinnane som stikk ut til kvar si side.

Brett ut beina på to bindersar. Teip dei fast på kvar si side av batteriet slik at dei treffer polane. Lag ein liten loop med bindersen slik at spolebeina kan kvile i kvar sin loop. Set magneten på batteriet. Sørg for at magneten er så nær koparspolen som mogleg. Spolen må likevel kunne snurre rundt over batteriet. Fest batteriet i bordplata med teip.

Gi spolen ein liten snurr og sjå om han går rundt. Viss ikkje må du justere litt på plasseringa i forhold til magneten og sjekke at spolen ikkje er for baktung på den eine sida.



[Sjå video her](#)